




KOMMUNEPLAN 2017-2027

Samfunnsdelen

Vedteke i kommunestyret, 9. august 2017



SAMANDRAG

Kommuneplanen for 2017-2027 bygge på Vågå kommune sin visjon: **VÅGÅ – EIT VERDIVAL**. Vågå skal vere ein **inkluderande** kommune med Vågåmo som eit **levande** og **attraktivt** kommunesentrum.

Kva legg vi i det:

Inkluderande

Vi ser og tek vare på kvarandre
Vi er ein kommune det er godt å bu og flytte til
Vi ønskjer å få fram det beste i alle

Levande

Vi skal ha eit aktivt nærings- og organisasjonsliv
Vi skal ha gode møteplassar
Vi skal ha lys i alle glas

Attraktivt

Vi er stolte over bygda og det vi har
Vi skal legge til rette for utvikling og folketalsauke
Vi skal ivareta innbyggjarane sine behov

Vågå ligg sentralt til som innfallsport både til Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparkar. Vågå byr på eit mangfald av moglegheiter for både tradisjonelt friluftsliv med fotturar, tinderangling, jakt og fiske i flotte fjellområde. Vågå har eit variert næringsliv, gode fritids- og rekreasjonstilbod, eit kulturtilbod av høg kvalitet og allsidig innhald, gode oppvekstvilkår med full barnehagedekning og ein god skule. Vågå kommune ønskjer å fokusere på utvikling og moglegheiter og ta vare på grunnleggande verdiar og miljø.

Den som vel å flytte til Vågå, og bu i Vågå, skal kjenne seg trygg på at det er ein god stad å bu gjennom alle fasar i livet. Å bu i Vågå, og å flytte til Vågå, handlar om eit livsstilsval. Vågå ønskjer å vere synleg i ulike samanhengar og kanskje på litt utradisjonelle arenaer.

I Vågå skal det liggje til rette for å leve det gode liv.

Vågå er – og skal vere – eit verdival

Det er nokre sentrale tema som det er viktig å ta tak i, både for å møte utfordringar og for å få ei ønskja utvikling av Vågåsamfunnet. Kommuneplanens samfunnsdel tek for seg fire hovudfokusområde:

STADUTVIKLING

LEVEKÅR

NÆRINGSUTVIKLING

**KLIMA, SAMFUNNSTRYGGLEIK
OG BEREDSKAP**

Innanfor kvart av desse fire hovudfokusområda er ulike satsingsområde nærare omtalt.


Satsingsområda viser kva kommunen ønskjer å rette særskilt fokus på i planperiode. Innanfor kvart satsingsområde er det definert mål. Det er vidare sett opp kva strategiar og vegval kommunen meiner må til for å nå måla.

INNHALD

SAMANDRAG	2
I. OM KOMMUNEPLAN	4
1.1 KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL	4
Langsiktig del	4
Handlingsprogram	5
1.2 KOMMUNEPLANENS AREALDEL	5
2. MEDVERKNAD	5
3. TEMA I KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL 2017-2027	6
4. KOMMUNEN SOM ORGANISASJON	6
4.1 Administrativ og politisk organisering	6
4.2 Roller og styringssystem	6
4.3 Regional samhandling	7
5. KOMMUNEN I TAL – FAKTA OG UTVIKLINGSTREKK	7
5.1 Arealfordeling	7
5.2 Befolkningsutvikling	8
5.3 Busetting og sysselsetting	10
5.4 Oppvekst og kultur	11
5.5 Helse og omsorg	12
5.6 Kommunal infrastruktur	14
5.7 Økonomi	15
6. NASJONALE OG REGIONALE FØRINGAR	16
7. VISJON: «VÅGÅ – EIT VERDIVAL»	17
8. HOVUDFOKUSOMRÅDA – UTFORDRINGAR, MÅL OG STRATEGIAR	17
8.1 LEVEKÅR	18
8.1.1 Ein god start i livet – tidleg innsats	18
8.1.2 Eit godt arbeidsliv	20
8.1.3 Eit samfunn som fremjar ein aktiv, trygg og frisk alderdom	20
8.1.4 Inkludering, integrering, deltaking og medverknad	21
8.1.5 Nærmiljø som fremjar god helse	21
8.1.6 Systematisk og kunnskapsbasert folkehelsearbeid	22
8.1.7 Forpliktande samarbeid mellom heim og skule	22
8.1.8 Heilskapeleg menneskesyn med sansebasert læring	23
8.2 NÆRINGSUTVIKLING	23
8.3 STADUTVIKLING	24
8.3.1 Vågåmo – meir synleg og attraktiv som besøks- og handelsstad	26
8.3.2 Attraktive bustadtilbod i og nær Vågåmo sentrum	26
8.3.3 Gode møteplassar og grønstruktur for alle i sentrum	27
8.3.4 Framtidsretta løysingar for veg, trafikk og parkering i Vågåmo	28
8.3.5 Vågå næringspark og Lalm industriområde - vidareutvikle til eit attraktivt næringsområde	28
8.3.6 Byggeskikk – identitet og heilskap	29
8.4 KLIMA, SAMFUNNSTRYGGELEIK OG BEREDSKAP	29

I. OM KOMMUNEPLAN

Kommuneplanens samfunnsdel er ein overordna og langsiktig plan for Vågå kommune. Ein samla kommuneplan har ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen skal ha både ein langsiktig del og eit 4-årig handlingsprogram med økonomiplan.



Figur 1.1: Kommuneplanprosessen (Kjelde: MDs rettleiar T-1492)

Kommuneplanen er det øvste leddet i det kommunale plansystemet, og gjev langsiktige og overordna føringar for utviklinga framover. Kommuneplanen skal ivareta både nasjonale, regionale og kommunale mål, interesser og oppgåver.

Kommunestyret vedtok 25.10.2016, sak 70/16, kommunal planstrategi for kommunestyreperioden 2016-2020. Kommunal planstrategi er eit verkøy for å fastleggje det vidare planarbeidet i kommunen og gje føringar for kva planar som skal utarbeidast eller reviderast i kommunestyreperioden. Gjennom den kommunale planstrategien er det gjort overordna vurderingar og prioriteringar av utviklingstrekk og planutfordringar i Vågå kommune. Planstrategien prioriterer ferdigstilling av den pågåande revisjon av kommuneplanen, både samfunnsdelen og arealdelen.

I.1 Kommuneplanens samfunnsdel

Langsiktig del


Samfunnsdelen skal vere eit verkøy for heilskapleg planlegging og vise kva område kommunen ønskjer å fokusere på i åra framover både i kommunesamfunnet og i kommunen som organisasjon. Planen skal vise kva mål vi skal strekkje oss etter, og kva strategiar vi meiner kan hjelpe oss i å nå måla vi har sett oss. Ein føresetnad for at samfunnsdelen skal ha politisk relevans og vere eit nyttig styringsverkøy er at dei politiske prioriteringane kjem klart fram og at det blir peikt på strategiske plangrep.

Handlingsprogram

Kommuneplanens samfunnsdel omfattar også eit 4-årig handlingsprogram som skal vise korleis den langsiktige delen skal følgjast opp. Handlingsprogrammet skal integrerast i økonomiplanen, og vil bli utarbeidd etter at den langsiktige delen er vedteken. Det fireårige handlingsprogrammet skal vise kva kommunen skal prioritere dei neste fire åra, og aktuelle tiltak må vedtakast gjennom årsbudsjettet.

1.2 Kommuneplanens arealdel

Samfunnsdelen skal gje føringar for arealdelen, slik at kommuneplanens arealdel skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Arealdelen skal vere eit kartmessig bilete av prioriteringar og strategiar i samfunnsdelen. Kommuneplanens arealdel blir utarbeidd parallelt med samfunnsdelen.



Figur 1.2.1: Eittårs hjulet som ein del av handlingsdelen og fireårs hjulet som ein del av kommuneplanprosessen. (Kjelde: MDs rettleiar T-1492)

2. MEDVERKNAD

I samband med revisjonen av kommuneplanen har det blitt gjennomført barnetrakkregistreringar for 6. og 9. klasse ved skulane hausten 2012. Lærarar på skulen og tilsette i barnehagane har registrert kva for område skulen og barnehagen nyttar gjennom året. Rapporten med kartvedlegg vart utarbeidd hausten 2014. Denne rapporten har vore brukt i samband med utarbeiding av stadanalysen og forslag til samfunnsdel og arealdel. I samband med stadanalysen som vart utarbeidd i samband med revisjon av samfunnsdelen og arealdelen vart det halde to ope møter i 2013. Det fyste ope møtet fungerte som eit medverkingsverkstad der deltakarar fekk høve til å jobbe i grupper og kome med innspel til korleis Vågåmo skal utviklast. Det vart også orientert om arbeidet med arealdelen og gjort merksam på at det er viktig å kome med innspel til planarbeidet. Det vart deretter halde eit oppfølgingsmøte der resultatet frå stadanalysen vart presentert.

I samband med offentleg ettersyn av forslag til samfunnsdel i januar i 2014, vart det halde eit ope møte på kommunehuset der samfunnsdelen vart presentert og folk hadde høve til å kome med merknader. For grupper i samfunnet som ikkje vil kunne følgje standard opplegg for medverknad, det gjeld ungdomsrådet og råd for menneskje med nedsett funksjonsevne og eldre, vart desse informert i eige møte. Det vart også halde eit ope folkemøte ved 1. gongs offentleg ettersyn av forslag til ny arealdel og 2. gongs offentleg ettersyn av samfunnsdelen i januar 2016. Kommunen si heimeside og facebook har også vore ein sentral informasjons- og medverknadskanal.

3. TEMA I KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL 2017-2027

Kommuneplanens samfunnsdel tek for seg fire hovudfokusområde. Desse fokusområda er nedfelte i vedteken Kommunal planstrategi 2012 – 2016 og følgt opp i Planprogram for revisjon av kommuneplanens samfunnsdel og arealdel 2017 - 2027. 28.10.2014 SK 60/14 Kommuneplan, samfunnsdel og arealdel - framdrift og hovudpunkt i planrevisjonen

Hovudfokusområda er:



4. KOMMUNEN SOM ORGANISASJON

4.1 Administrativ og politisk organisering

Kommunen er å sjå på som ei eining, med ein politisk og ein administrativ organisasjon, jf. kommunelova.

Den politiske organisering i Vågå er representert ved Kommunestyre, Formannskap, Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning (HTLN) og Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg (HOKO). I tillegg er det politisk valde styre og råd. Kommunen er ein viktig politisk arena, både for forvaltning av verdjar i kommunen og som grunnleggande element i eit demokratisk styresett.

Rådmannen har den overordna leiinga av kommunen si samla verksemd og har ansvar for å utvikle og samordne tenestetilbodet og sikre best mogleg bruk av ressursane i organisasjonen til beste for innbyggjarar og i samsvar med vedteke politiske mål. Dei ulike tenesteområda er nærare omtalt i årsmelding, budsjett og sektorplanar.

4.2 Roller og styringssystem

Kommunen er både tenesteleverandør, tilretteleggjar for god samfunnsutvikling, forvaltar av lovar og forskrifter og arbeidsgjevar. Dette inneber at kommunen skal levere gode tenester til innbyggjarane innan både primærhelseteneste, pleie- og omsorgstenester, sosialteneste, folkehelse, barnehagar og grunnskoleopplæring, kulturtilbod, næringsliv og tenester innan teknisk sektor.

Kommunen er medlem av Trygt lokalsamfunn der det blir arbeidd med å førebyggje ulykker og skader i lokalsamfunnet.

Kommunen skal vidare leggje til rette for utvikling av lokalsamfunnet gjennom samarbeid med m.a. næringsliv og frivillige lag og organisasjonar og gjennom å tilby eller leggje til rette for areal for etablering av offentlig og privat verksemd. Kommunen har ansvar for å forvalte regelverk og følgje opp regionale og stateleg retningslinjer. Kommunen er også den største arbeidsgjevaren i kommunen og skal sikre best mogleg bruk og ivaretaking av ressursane i organisasjonen til det beste for innbyggjarane.

Gode styringssystem er nødvendig for å ha god kontroll på at tenestene har den kvaliteten vi ønskjer. Kommunen nyttar både brukarundersøkingar og målkart for kvar teneste der hovudmål med tenesta er definert, kva for standard som skal krevjast og korleis resultatet skal målast.

Brukarundersøkingar er viktige, fordi dei seier oss noko om korleis tenesta blir opplevd av den som tek imot den, m.a.o. den opplevde kvaliteten på tenesta. For å gjere seg nytte av denne informasjonen, krev det at ein og kan omtale og måle tenesta si objektive eller faglege kvalitet på ein systematisk måte. Brukarun-

dersøkingane bidreg også til at vi får fram viktig informasjon slik at styringsdialogen mellom det politiske og det administrative nivået i kommunen kan få ei betre kjelde å hente kunnskap frå.

Krav til god internkontroll krev gode system, og for å samle alle resultat på same område slik at det skal vere enkelt å hente dokumentasjon har kommunen teke i bruk eit elektronisk verktøy, Compilo.

Dei tilsette er den viktigaste ressursen for å kunne tilby gode tenester til kommunen sine innbyggjarar. Kommunane møter stadig auka krav om kvalitet, service og effektivitet. Målet er at kommunen har kvalifisert personell i alle ledd i organisasjonen. God personalpolitikk og fokus på verdien av kompetanseutvikling, har mykje å seie både for å rekruttere og behalde dyktige medarbeidarar.


4.3 Regional samhandling

Vågå kommune er med i Regionrådet for Nord-Gudbrandsdalen saman med kommunane Lesja, Dovre, Sel, Lom og Skjåk. Vågå kommune har interkommunalt samarbeid innan fleire fagfelt som t.d regionalt IT samarbeid i Regiondata, Nord-Gudbrandsdal Lokalmedisinske Senter (NGLMS), fjellregionsamarbeid med meir. Vågå kommune vil vidareføre og utvikle samarbeide med kommunane i Nord-Gudbrandsdalen og vidareføre samarbeidsavtaler med andre kommunar for felles løysing av forvaltningsoppgåver. Kommunane Vågå, Lom og Skjåk har felles politiråd.

5. KOMMUNEN I TAL – FAKTA OG UTVIKLINGSTREKK

5.1 Arealfordeling

I Vågå er det store fjell- og utmarksareal, men også skogkledd areal, vassdrag og dyrkamark som skal forvaltast.



Figur 5.1.1: Arealfordeling (Vågå kommune, intern statistikk 2006)


5.2 Befolkningsutvikling

Folketalet i Vågå har generelt gått ned sidan slutten av 1980-talet. Talet på innbyggjarar i kommunen var 4.101 i 1986. Innbyggjartalet var 3.640 per 1. januar 2017 jf. tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Pr. 1. april 2017 var folketalet 3.624.

Befolkningsamansetting

Befolkningsutvikling og aldersfordeling gjev eit bilde av kva slags utfordringar kommunen står overfor og gjev eit viktig grunnlag for planlegging. Den totale befolkningsutviklinga og befolknings- samansettinga er avgjerande for dimensjonering av dei kommunale tenestene og har også innverknad på inntektene ved utgiftsutjamning i rammetilskotet til kommunen.

Samanlikna med fylkes- og landsgjennomsnittet har Vågå ein lågare del av befolkninga i dei yngre aldersgruppene og ein høgare del i aldersgruppa eldre enn 67 år. Dette er felles for alle kommunane i Nord-Gudbrandsdalen. Der andelen er høgare enn gjennomsnittet, får kommunen høgare utteljing gjennom utgiftsutjamning, og motsett.




Figur 5.2.1: Alderssamansetting (Kjelde SSB, 2017)


Fødselsoverskot og inn-/utflytting

Forholdet mellom talet inn- og utflytte saman med forholdet mellom talet fødte og døde avgjer utviklinga av folketalet i kommunen. Sidan 2013 har det vore født under 30 barn i året.

Flyttebalansen i kommunen har variert siste åra med positiv tilflytting dei siste to åra.



Figur 5.2.2: Personar som har flytt inn og ut av kommunen (Kjelde: Folkehelseoversikt for Vågå 2017)




Figur 5.2.3: Levandefødte pr. år (Kjelde: Folkehelseoversikt for Vågå 2017)

Folketalsframskriving

Ut frå framskriving av befolkninga vil andelen i aldersgruppa eldre enn 67 år auke, medan andelen i arbeidsdyktig alder (20 – 66 år) blir lågare. Folketalet endrar seg, og behova hos innbyggjarane endrar seg som følge av endra alderssammansetjing.

Framskrivingane viser framtidig utvikling ut frå føresetnader om fruktbarheit, levealder og netto innflytting med utgangspunkt i den observerte utviklinga, basert på middels vekst i de nemnde kriteria.



Tabell 5.2.4.: Befolkningsframskriving, 2016–2040, med utgangspunkt i folketalet per 1.1.2016. (Kjelde: Folkehelseoversikt for Vågå 2017)


Dei demografiske endringane dei neste tiåra peikar i retning av større etterspørsel etter helse- og omsorgstenester. Tenestemottakarane vil i framtida ha andre behov enn i dag, men også andre ressursar til å meistre dei. Det vil i åra framover vere ei utfordring å auke andelen unge i befolkninga, få ein positiv flyttestraum og fødselsoverskot, rekruttere arbeidskraft til kommunen og ta hand om og ivareta behova til gruppa eldre.

Vågå har eit mål om 0,1 % årleg netto auke i folketalet, noko som var nedfelt i økonomiplan 2015-2018.

5.3 Busetting og sysselsetting

Sysselsetting og næringsliv

I Vågå utgjør offentlig og privat tenesteyting om lag halvparten av den totale sysselsettinga i kommunen. Industri/bergverk/bygg og anlegg utgjør til saman om lag ein fjordedel av total sysselsetting. Mange er også sysselsett gjennom jordbruk/skogbruk, reiseliv og varehandel.



Figur 5.3.1: Sysselsetting i Vågå (Kjelde SSB, 2016)

Vågå har eit mål om arbeidsløyse på under 3,5 %, noko som også er nedfelt i økonomiplan 2015-2018. Hovudsysselsettinga i landbruket i Vågå er i dei tradisjonelle produksjonane som mjølk- og kjøttproduksjon og sauekjøttproduksjonen. Spesielt kombinert mjølk- og kjøttproduksjon på storfe gjev store ringverknader mot anna næringsliv. I Oppland reknar ein med at 1 årsverk i landbruket genererer 1,12 årsverk (kjelde: NILF-rapport 2012-1, «Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert verksemd i Oppland») i relatert verksemd. For Vågå, som har 176 årsverk i landbrukets primærproduksjon, vil dette seie at landbruket genererer 197 årsverk i anna relatert verksemd. Ikkje alle desse årsverka finst att i vår kommune, då t.d. meieri og slakteri for sau er lokalisert i andre kommunar i fylket.

Felles landbruksplan for Vågå og Sel 2013-2017 har ei målsetting om at matproduksjonen skal aukast med 1 % per år i Vågå. Dette vil vere ei auke som er i takt med folketalsutviklinga på landsbasis.

Type	Mengde	Tilsvarar forbruket til
Storfekjøtt	497 tonn	26.000 personar
Svinekjøtt	4 tonn	150 personar
Sau- og lammekjøtt	189 tonn	37.000 personar
Korn	96 tonn	1.200 personar (som matmjøl)
Potet	1.450 tonn	25.000 personar
Kumjøl	9.900.000 liter	108.000 personar

5.3.2: Produksjonsmengder i jordbruket i Vågå (2016)

Næringslivet i Vågå er kjenneteikna ved mange små, tradisjonelle bedrifter innan ulike bransjar, det er ingen stor hjørnesteinsbedrift. Kommunen har ingen høgare utdanningsinstitusjon, noko som vert spegla i næringslivet. I nasjonal målestokk er det få nyetableringar i vår region og lokalt næringslivet kjem dårleg ut når det gjeld lønnsemd. Bedriftene er jamt over lite kapitalsterke, noko som i utgangspunktet kan gjere det vanskeleg å skape utvikling og handlekraft inn i lokalmiljøet.

Når det gjeld varehandel, så er Vågå og regionen prega av ein viss overetablering ift. folketalet, og næringa er avhengig av tilreisande kundar. Næringsaktørar i Vågå opplev ein betydeleg handelslekkasje til både nabo-kommunar og andre stader med eit meir mangfaldig handelstilbod.

Innan bygg og anlegg er det mange små aktørar som i hovudsak konkurrerer i lokalmarknaden. Samstundes er det sterk kompetanse innan trerelatert handverk og byggeskikk, noko som gjev moglegheiter. Det er fleire store samferdsels- og energiprojekt i regionen no og framover, noko som skaper lokal etterspørsel og som vil påverke utviklinga i lokal anleggssektor. Vågå har lite industriverksemd, men har industriaktørar som erfarer positiv utvikling bl.a. grunna fokus på marknadsbearbeiding utanfor regionen, leveranse mot veksan-de sektorar og eigen effektivitet og kvalitet.

Det er mange reiselivsaktørar i Vågå, og næringa er prega av familieeigde føretak med varierende besøkstal og lønnsemd. Dei store sesongvariasjonane gjer det utfordrande å halde på arbeidskrafta, samt at dette er ei næring som er sårbar både mot konjunktursvingningar og ustabil ver. Vågå og regionen har mange fyrttårn og attraksjonar, og auka fokus på sal og samarbeid for å styrke produktutvikling og totaloppleving er viktig for vidare utvikling.

Busetting og bulyst


Gjennom deltaking i det regionale prosjektet 200 ledige hus, har Vågå kommune bidrege til å kartlegge tomme/ledige hus og landbrukseigedomar, med mål om at fleire ubrukne hus og eigedomar skal gjerast tilgjengelege for marknaden. Eit godt og variert butilbod kan også vere eit viktig verkemiddel for å nå nye potensielle tilflyttarar og halde på eksisterande innbyggjarar.

Vågå kommune er oppteken av god dialog med hytteigarane i kommune. Ein del hytteeigarar brukar mykje tid i sin andre heim, og det ligg eit potensiale for fleire innbyggjarar gjennom auka tilrettelegging og i å bygge ein sterkare identitet til Vågå.

5.4 Oppvekst og kultur

Barnehage


Vågå kommune hadde i 2016 full barnehagedekning. I Vågå er det i dag til saman 5 barnehagar; 3 kommunale og 2 private. Alle barnehagane skal leggje til rette for at "Små vagværer skal hauste gode erfaringar". I Vågå kommune hadde 91 % av alle barn plass i barnehage i 2016.



Figur 5.4.1: Andel barn 1-5 år med barnehageplass (i prosent, %). «Kommunegruppe 02» er samanliknbare kommunar i landet (Kjelde: SSB)

Grunnskule

Grunnskulen i Vågå hadde skuleåret 2016/17 til saman 419 elevar. Vågå kommune har i 2017 grunnskuletilbod på tre plassar: Lalm (1. – 7. årstrinn), Vågåmo (1. – 7. årstrinn) og Vågå ungdomsskule (8. – 10. årstrinn). Vågå kommune har dei siste åra hatt nedgang i spesialundervisning, ut frå godt samarbeid mellom PPT og skuleleiarane. Skulane i Vågå har gjennom prosjektet «Vaken og vågal i Vågå» lagt stor vekt på leseferdigheiter og jobba målretta med å skape betre resultat, noko som har gitt ei positiv utvikling.



Figur 5.4.2: Andelen elevar (i prosent, %) i grunnskulen som får spesialundervisning. «Kommunegruppe 02» er samanliknbare kommunar i landet. (Kjelde: SSB)

Kultur

Kommunen tilbyr eit breitt spekter av kultur-, opplevings- og fritidstilbod, både i regi av kommunen, statsinstitusjonar og lokale organisasjonar. Vågå kulturskule formidlar kunst og kultur særleg retta mot barn og unge. Kommunen har bibliotek i Vågåmo, og det er ønskeleg at biblioteket skal vere ein viktig møteplass og læringsarena. Det er eit godt kinotilbod i Vågå kulturhus, men besøkstalet har likevel gått noko ned. Det er eit aktivt og mangfaldig idrettsliv i kommunen. Gjennom ungdomsarbeid i kommunen blir det drive helsefremjande og haldnings skapande arbeid og lagt til rette for aktivitetar og tilbod. Ungdomsklubben hatt auke i medlemstalet, og tilbodet er utvida til også å omfatte ungdomsfritidsordning (UFO). Vågå har eige ungdomsråd med talerett i kommunestyret, og kommunen har barnerepresentant, som er skal ivareta barn og unges interesser i plansaker.

5.5 Helse og omsorg

Vågå kommune har som følgje av alderssamansetting i befolkninga og statlege reformer og føringar bygt ut tenestetilbodet innan helse og omsorg vesentleg dei siste 20 – 25 åra og hatt større økonomiske utfordringar innan sektoren enn andre kommunar det er naturleg å samanlikne seg med. I tillegg til mange eldre med omsorgsbehov har Vågå relativt store kostnader til «yngreomsorga» (omsorgstenester til personar under 67 år). Vågå har mange personar med psykisk utviklingshemming som tek imot tenester, samtidig som kommunen gjennom mange år har vore på topp i fylket når det gjeld tenestemottakarar av ressurskrevjande tenester.

Veksten i behov for pleie- og omsorgstenester har over år utfordra dei økonomiske rammene i kommunen. Samanlikna med andre kommunar i regionen og fylket er likevel utgiftene pr. institusjonsplass relativt låge, og

ligg under både resten av regionen, fylket og landet elles.


Samhandlingsreforma og nye helselover inneber store forventningar til kommunane da det blir lagt til grunn at veksten i behov i helse- og omsorgstenestene i hovudsak skal finne si løysing i kommunane. Dette stiller også store krav til kompetanseheving og utvikling av tenestene, og krav til samhandling internt i kommunen og med spesialisthelsetenesta.

Dei seks norddalskommunane har samarbeid om helsetenester, med Sel som vertskommune: legevaktordning, legevaktvarsling, jordmorvaktordning, intermedieære sengeplassar, ø-hjelp sengeplassar og koordinator i samfunns medisin. Vågå deltek også i fleire prosjekt saman med nabokommunar.

Barnevern

Vågå samarbeider med Sel kommune om felles barnevernteneste.

Andelen barn med undersøking eller tiltak i barnevernet er generelt låg i Nord-Gudbrandsdalen. Dette gjeld også Vågå kommune.



Figur 5.5.1: Andelen barn med undersøking eller tiltak i barnevernet. *Frå og med rapporteringsåret 2013 er alle undersøkingar starta og/eller avslutta i løpet av året innhenta og publisert. Før dette vart berre ein undersøking per barn innhenta og publisert. Årlege tall. (Kjelde: Folkehelseoversikt Vågå 2017).

Sosialhjelp

Andelen mottakarar av sosialhjelp er relativt høg i Vågå, men kostnadane per innbyggjar er likevel låge, samanlikna med andre kommunar.



Figur 5.5.2: Andelen sosialhjelpsmottakarar i alderen 20-66 år, av innbyggjarane 20-66 år (i prosent, %). (Kjelde: SSB 2016).

5.6 Kommunal infrastruktur

Vågå kommune har ein eigedomsmasse på godt og vel 33.000 m² og eit grønt-/parkareal på om lag 50 dekar som skal driftast og haldast ved like. Alle bygg skal til ein kvar tid vera funksjonelle til sitt bruk. Vågå har kommunale vegar på til saman 84 km og 4 km gang- og sykkelveg.

Type	m ²	
Skule	6.800	
Barnehage	1.554	
Helse- og omsorgsbygg	8.943	Vågåheimen og 25 omsorgsbustader
Administrasjonsbygg	3.000	
Idrettsbygg	2.400	
Kulturbygg	3.865	
Utleigebustader	2.240	30 einingar
Trygdebustader	2.555	35 einingar
Andre bygg	2.230	

Tabell 5.6.1: Kommunal eigedomsmasse (intern statistikk, 2016)

Kommunen har 7 kommunale vassverk. Desse ligg i Vågåmo, Lemonsjøen, Lalm, Skogbygda, Nessegrenda, Stokstadåsen og Tessand. Kommunen har 6 avlaupsanlegg. Desse ligg i Vågåmo, Randsverk, Lalm, Skogbygda, Stokstadåsen og Tessand. Vågå har til saman om lag 1.000 km vatn- og avlaupsleidningar

Det er til saman ca. 770 einingar av private bedrifter, bustader, fritidsbustader og setrer som ikkje er knytt til kommunalt avlaupsnett, men har tømmeordning for septik.

Alle seks kommunane i Nord-Gudbrandsdalen er tilknytt NGR som leverer renovasjonstenestene. Renovasjonsordninga omfattar innsamling av hushaldningsavfall frå alle husstandar og drift av miljøstasjonen.

5.7 Økonomi


Kommunen har dei siste åra blitt driven med gode resultat. Disposisjonsfond er styrka, og vil fungere som buffer i tilfelle uforutsette hendingar. Gjeldsgraden har vore stabil dei siste åra, men investeringsnivået er framleis høgt. Likviditetssituasjonen er tilfredstillande, og premieavvik er under kontroll og handtert ved å avsette til disposisjonsfond.

Vågå kommune har vedteke **tre handlingsreglar** for å sikre sunn å berekraftig økonomi for framtida:

Handlingsregel 1: Korrigert netto driftsresultat (netto driftsresultat korrigert for premieavvik og bundne fond) skal årleg utgjere minimum 1,75% av brutto driftsinntekter

Handlingsregel 2: Disposisjonsfond skal utgjere minimum 12% av brutto driftsinntekter

Handlingsregel 3: Lånegjeld, med fråtrekk av vidareutlån og lån til sjølvkostområde, skal utgjere maksimalt 81% av brutto driftsinntekter



Figur 5.7.1: Netto lånegjeld per innbyggjar (kr/innbyggjar) (Kjelde: SSB 2017).

6. NASJONALE OG REGIONALE FØRINGAR

Til grunn for revisjon av samfunnsdelen og arealdelen ligg nasjonale og regionale og føringar for planarbeidet som Vågå kommune må ta omsyn til.

Sentrale, nasjonale og regionale føringar:

- Plan- og bygningslova med forskrifter
- Kommuneleva med forskrifter
- Folkehelselova med forskrifter
- Helse- og omsorgstenesteloven

- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (1995)
- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming (1985)
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag og Forskrift om RPR for verna vassdrag (1994)
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig- areal- og transportplanlegging (2014)
- Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane (2009)
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
- Nasjonal transportplan (NTP), og Nasjonal sykkelstrategi (2014-2023)
- MDs retningslinje for behandling av støy i arealplanleggingen (T-1442/2016)
- Flaum- og skredfare i arealplanar (NVE retningslinjer nr. 2 – 2011)
- Norge universelt utformet 2025. Regjeringens handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009-2013

- Prop. 77 L. Lov om klimamål (klimaloven)
- Prop. 95 S. Meldingsdel i kommuneproposisjonen 2015. «Kommunereformen»
- St.meld. nr. 34 (2012-2013) Folkehelsemeldingen. God helse – felles ansvar
- St.meld. nr. 17 (2012-2013) Bygge-bu-leve
- St.meld. nr. 9 (2011-2012) Landbruks- og matpolitikken
- St.meld. nr. 15 (2011-2012) Hvordan leve med farane – om flom og skred
- St.meld. nr. 47 (2008–2009) Samhandlingsreformen
- St.meld. nr. 26 (2006-2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand
- St.meld. nr. 34 (2006-2007) Norsk klimapolitikk
- St.meld. nr. 20 (2006- 2007) Nasjonal strategi for å jamne ut sosiale helseskilnader
- St.meld. nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminne
- St.meld. nr. 39 (2000-2001) Friluftsliv

- Regional planstrategi 2012- 2016 – Mulighetenes Oppland
- Regional plan for folkehelse i Oppland 2012 – 2016
- Regional plan for klima og energi for Oppland 2013-2024
- Regional plan Ottadalsområdet (villrein)
- Fylkesplan for Oppland 2005 – 2008 – Mulighetenes Oppland
- Jordvernstrategi for Oppland 2007 – 2011
- Regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland

Oversikta er ikkje uttømmende.

7. VISJON: «Vågå – eit verdival»

Vågå ligg sentralt til som innfallspørt både til Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparkar. Vågå byr på eit mangfald av moglegheiter for både tradisjonelt friluftsliv med fotturar, tinderangling, jakt og fiske i flotte fjellområde. Vågå har eit variert næringsliv, gode fritids- og rekreasjonstilbod, eit kulturtilbod av høg kvalitet og allsidig innhald, gode oppvekstvilkår med full barnehagedekning og ein god skule. Vågå kommune ønskjer å fokusere på utvikling og moglegheiter og ta vare på grunnleggande verdiar og miljø. Den som vel å flytte til Vågå, og bu i Vågå, skal kjenne seg trygg på at det er ein god stad å bu gjennom alle fasar i livet. Å bu i Vågå, og å flytte til Vågå, handlar om eit livsstilsval. Vågå ønskjer å vere synleg i ulike samanhengar og kanskje på litt utradisjonelle arenaer. Den kommunale tilflyttartenesta er viktig for å hjelpe nye innbyggjarar til rette i bygda.

I Vågå skal det liggje til rette for å leve det gode liv. Vågå er – og skal vere – eit verdival. Vågå kommune sin visjon er: **VÅGÅ – EIT VERDIVAL**

Vågå kommune skal vere ein inkluderande kommune med Vågåmo som eit levande og attraktivt kommunesentrum for fastbuande og tilreisande. Kva vi legg i det:

Inkluderande

- Vi ser og tek vare på kvarandre
- Vi er ein kommune det er godt å bu og flytte til
- Vi ønskjer å få fram det beste i alle

Levande

- Vi skal ha eit aktivt nærings- og organisasjonsliv
- Vi skal ha gode møteplassar
- Vi skal ha lys i alle glas

Attraktivt

- Vi er stolte over bygda og det vi har
- Vi skal legge til rette for utvikling og folketalsauke
- Vi skal ivareta innbyggjarane sine behov

8. HOVUDFOKUSOMRÅDA – utfordringar, mål og strategiar

I lys av visjonen «Vågå – eit verdival», og for å gjere Vågå kommune meir attraktiv som bu- og tilflyttingskommune, er det sett ekstra fokus på fire tema i kommuneplanarbeidet:

- **Levekår**
- **Næringsutvikling**
- **Stadutvikling**
- **Klima, beredskap og samfunnstryggleik**

Innanfor kvart av desse fire hovudfokusområda er ulike satsingsområde nærare omtalt. Satsingsområda viser kva kommunen ønskjer å rette særskilt fokus på i planperiode.

Innanfor kvart satsingsområde er det definert mål. Det er vidare sett opp kva strategiar og vegval kommunen meiner må til for å nå måla.

8.1 LEVEKÅR

Kva ein legg i ordet «levkår» vil endre seg i takt med velferdsutviklinga. Gode levkår betyr ikkje det same i dag som det gjorde i 1950-åra. Kva vi legg i ordet «levkår» blir også påverka av kva vi meiner er eit godt liv og kva som ikkje er eit godt liv.

Kommunane har gjennom ny folkehelselov fått eit større ansvar for førebyggjande arbeid i helsetenesta og folkehelsearbeidet på tvers av sektorar. Dette medfører ansvar for å ha oversikt over utfordringar og moglegheiter, men kvar enkelt kommune vel sjølv mål og tiltak for å fremja helse til innbyggjarane.

Folkehelsearbeid handlar om å utvikle kommunen til å bli ein god stad å bu – for alle! Det betyr blant anna gode bu- og nærmiljø, eit levande samfunn, oppvekstvilkår for barn og unge som fører til trivsel, læring og mestring, moglegheiter for at kvar enkelt kan gjera sunne val og ha ein livsstil som gjev god helse. Kommunen skal føre ein politikk som reduserer sosiale skilnader og fremjar aktiv medverknad frå innbyggjarane, jf. folkehelselova § 4.

Kommunen skal «tenkje helse i alt vi gjer», dvs. vurdere korleis alle planar og tiltak verkar inn på livskvalitet, helse og trivsel til dei som bur eller er på besøk i kommunen. Ansvar for folkehelsearbeidet er lagt til kommunen og ikkje til kommunens helseteneste.

Utfordringsbildet innan folkehelsearbeidet går fram av «Oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer i Vågå kommune» samt lokale erfaringar.

Satsingsområde:

- Ein god start i livet – tidleg innsats (jf. også intensjonane i satsinga Vaken og Vågal)
- Eit godt arbeidsliv
- Eit samfunn som fremjar ein aktiv, trygg og frisk alderdom Inkludering, integrering, deltaking og medverknad
- Nærmiljø som fremjar god helse
- Systematisk og kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Nedanfor er det ein omtale av kvart satsingsområde om kva som er utfordringar, mål og strategiar/vegval.

8.1.1 Ein god start i livet – tidleg innsats

Investeringar i barndomen er avgjerande for helse gjennom heile livsløpet. Gode og trygge oppvekstmiljø gir barn ressursar til å utfalde seg, oppleve læring og mestring og førebyggje fråfall i vidaregåande skule. Helsekilnader startar tidleg og pregar ofte individet gjennom heile livet. Det er viktig at hjelpa er heilskapleg, koordinert og blir sett inn i rett tid.

Låginntekt

Utfordringar

Inntekt og økonomi er grunnleggjande faktorar som verkar inn på helse, og forskning har vist at det er samanheng mellom inntektsnivå og helsetilstand.

Mål

- Styrka kommunal kompetanse om helsemessige og samfunnsøkonomiske konsekvensar av at barn opplever fattigdom.
- Alle barn har tilbod om å kunne delta i ulike fritidsaktivitetar, uavhengig av økonomi.

Strategiar/vegval

- Kommunen gjer seg nytte av forskingsbasert kunnskap om førebygging, reduksjon og konsekvensar av barnefattigdom

- Styrke samarbeidet med tillitsapparatet
- Kommunen som arbeidsgjevar arbeider systematisk for å tilby fleire heile stillingar og redusere ufrivillig deltid

Fråfall i vidaregåande skule

Utfordringar

Det er godt dokumenterte samanhengar mellom utdanningsnivå, materielle levekår og helse. Det har vore svingingar i andelen elevar frå Vågå kommune som har gjennomført vidaregåande skule i løpet av dei siste åra. Det er ei utfordring å utarbeide system som gjer at vi kan identifisere utfordringar som barn og unge har så tidleg som mogleg, og ha verkemiddelapparat for å sette inn gode tiltak.

Mål

Alle vagværar skal gjennomføre vidaregåande opplæring.

Strategiar/vegval

- Ein god grunnskule (inkl. PPT og rådgjevingsteneste) med fokus på mestring hjå kvar enkelt elev, og som sikrar god overgang og førebur eleven på å meistre det vidaregåande løpet
- Gode helsetenester og godt førebyggjande helsearbeid med merksemd på tidleg innsats
- Utarbeide gode system og tverrfaglege samarbeidsmodellar for at alle aktørar som jobbar opp mot barn og unge slik at dei arbeider mot same mål og i same retning
- Systematisk bruk av forskingsbasert metode i arbeidet med å gje elevane auka læringsutbytte

Mobbing

Utfordringar

I perioden 2011-2016 (årleg snitt) trivast 91,4 % på 7. trinn og 81,8 % på 10. trinn i Vågå kommune. Score på skuleportalen 16/17 var 4,4 på 7. trinn og 3,7 på 10. trinn (Skala 1-5 med 5 som beste). I same perioden opplevde 3,1 % på 7. trinn krenkande åtferds og tilsvarande for 10. trinn var 4 %.

Mål

Vågå kommune skal ha null-toleranse mot mobbing og krenkjande åtferd.

Strategiar/vegval

- Grunnskulen skal ha gode system i tråd med Opplæringslova §9a – førebygging, avdekking og iverksetjing av tiltak
- Barnehagane skal ha system for å oppfylle Barnehagelova §2

Barnevern

Utfordringar

5 års glidane gjennomsnitt viser ein gradvis auke i talet på barn som har hatt undersøking eller tiltak i barnevernet etter 2001 i Vågå kommune. I 2001 var det 19 barn og i 2016 var det 64 barn.

Mål

- Eit kompetent og robust tenesteapparat retta mot barn og unge i Vågå kommune, for å sikre gode fysiske og psykososiale oppvekstvilkår
- Eit tenesteapparat som samarbeider med heimen, frivillige lag og organisasjonar og næringslivet for å fremje læring, mestring, respekt og sosial dugleik blant barn og unge

Strategiar/vegval

- «Tidleg innsats»-tenking i alle planar og strategiar som omhandlar barn og unge i Vågå kommune
- Oppretthalde og eventuelt styrke satsinga på helse- og velferdstenester til barn og unge, barnehage og grunnskule og kultur-/fritidsaktivitetar

8.1.2 Eit godt arbeidsliv

Arbeid har stor innverknad på helse. Dei som står utanfor arbeidslivet har gjennomgåande dårlegare helse enn yrkesaktive. Om ein fyrst har nedsett arbeidsevne, aukar risikoen for langvarig sjukefråvær og for å ikkje koma attende i jobb nokon gong. Mangel på formell kompetanse og utdanning ser ut til å bidra til svak og ustabil tilknytning til arbeidslivet.

Arbeidsløyse, nedsett arbeidsevne og uføretrygd

Utfordringar

Arbeidsløysa i Vågå har stort sett følgt konjunkturane i landet elles, men ligg på eit noko lågare nivå. I januar 2017 var 2,3 % heilt arbeidsledige i Vågå. Det utgjer 62 personar. Arbeidsledige blir vurderte til å vera ei utsett gruppe, både psykisk og materielt, og arbeidsløyse kan verke negativt inn på helsetilstanden.

I mai 2017 var 5,9 % av befolkninga mellom 18 og 66 år registrert med nedsett arbeidsevne i Vågå. Der- som ein fyrst har nedsett arbeidsevne, aukar risikoen for langvarig sjukefråvær og tidleg tilbaketrekking frå arbeidslivet.

Det har vore små svingingar i andelen uføretrygda i prosent av befolkninga mellom 18 og 66 år i Vågå kom- mune etter 2002. I perioden 2000-2002 (årleg snitt) var den på 9,6 % og i perioden 2013-2015 var den på 9,1 % (kjelde: folkehelseoversikt Vågå 2017 og NAV statistikk).

Mål

- Godt tenesteapparat som legg til rette for næringsutvikling og etablering av sikre arbeidsplassar i Vågå kommune.
- God utnytting av NAV sitt verkemiddelapparat for å førebyggje sjukefråvær og uføretrygd, samt sikre rask attendeføring til arbeid etter sjukefråvær.

Strategiar/vegval

- Målretta og langsiktig omdømmebygging for å gjera kommunen og regionen attraktiv som område for etablering av nye arbeidsplassar
- Oppretthalde eit godt kommunalt støtteapparat i næringsutvikling og nytte NAV sine verkemidlar føre- byggje arbeidsløyse, sjukefråvær, nedsett arbeidsevne og uføretrygd

8.1.3 Eit samfunn som fremjar ein aktiv, trygg og frisk alderdom

Framskrivning av folketalet for Vågå kommune viser ein gradvis nedgang i innbyggartalet fram til 2040. Det blir 254 færre innbyggjarar i aldersgruppa yngre enn 66 år, i gruppa 67-79 år blir det ein auke på 55 personar og i gruppa 80+ ein auke på 155 personar.

Utfordringar

Høg levealder betyr at folk er ved god helse og at vi har gode velferdsordningar, men fleire eldre betyr også at det blir fleire som er sjuke og som har behov for helse- og omsorgstenester.

Mål

Vågå kommune stimulerer til god eigenomsorg, og har gode velferds- og pleie- og omsorgstenester som er helsefremjande, førebyggjer sjukdom og sikrar god eldreomsorg.

Strategiar/vegval

- Tenesteapparatet arbeider aktivt med informasjon og opplæring, for m.a. å stimulere til god eigenomsorg
- Kommunen legg til rette for at friske eldre og andre frivillige kan ta del i eldreomsorga
- Satsing på innovasjon i omsorg, m.a. velferdsteknologi
- Kommunen skal ha gode tenester i alle steg i omsorgstrappa – rett teneste til rett pasient til rett tid
- Sikre gode møteplassar for eldre, m.a. frivilligsentralen

8.1.4 Inkludering, integrering, deltaking og medverknad

Sosiale nettverk er avgjerande verdiar i velferdssamfunnet. Sosial støtte skaper god helse. Frivillige lag og organisasjonar er ressursar for lokalsamfunnet, m.a. med sine tilbod innan kultur- og fritidsinteresser.

Utfordringar

Ein relativt stor del av befolkninga har lite sosialt nettverk, m.a. innvandrarak, uføretrygda og eldre. Dette skaper sosiale helseskilnader og er ei stor utfordring i eit folkehelseperspektiv.

Mål

- Gode møteplassar i sentrum og grendene
- Eit heilskapleg system for ivaretaking av den enkelte innvandrarak i Vågå kommune
- Bustadområde for eldre (trygdebustader) som er lagt til rette med fellesrom og felles uteareal

Strategiar/vegval

- Heilskapleg tenking rundt inkludering, deltaking og medverknad i alle planprosessar, m.a. ved planlegging av bustadområde for eldre
- Satsing på velferdsteknologi, også for å stimulere til meir sosial kontakt. Oppfylle intensjonane i Vaken og Vågal-satsinga
- Satsing på velferdsteknologi, også for å stimulere til meir sosial kontak

Innvandrarak

Utfordringar

Det er store helsemessige skilnader mellom grupper av innvandrarak og mellom innvandrarak og etnisk norske. Skilnadene omfattar både fysisk og psykisk helse, i tillegg til helseåtferd. Innvandrarak opplever ofte vanskar med å bli integrerte og har små sosiale nettverk.

Mål

- Styrka kommunal kompetanse om helse blant flyktningar og innvandrarak
- Eit heilskapleg system for ivaretaking av den enkelte innvandrarak i Vågå kommune

Kommunal kompetanse om helse blant flyktningar og innvandrarak er ein føresetnad for å lykkast med helsefremmande og førebyggande arbeid. Tiltak som reduserer språkproblem og lettar integreringa er viktig folkehelsearbeid.

Strategiar/vegval

- Styrke det sektorovergripande arbeidet og samarbeidet med næringsliv, frivillige lag og organisasjonar for integrering av flyktningar og innvandrarak

8.1.5 Nærmiljø som fremjar god helse

Nærmiljøet er viktig for alle. Attraktive og universelt utforma område med moglegheiter for aktivitet er viktige for barn si motoriske, psykiske og sosiale utvikling. Nærmiljøet spelar også ei viktig rolle for menneske som av ulike grunnar er meir stadbundne; som småbarnsforeldre, innvandrarak, arbeidsledige, funksjonshemma og eldre.

Utfordringar

Fysisk tilrettelegging av nærmiljø er ofte kostnadskrevjande, men i blant kan det også dreie seg om enkle tiltak. Ofte ser ein også at omsynet til trivsel og folkehelse må vike for næringsinteresser, tiltak som går på infrastruktur og anna.

Mål

- Folkehelseperspektivet er viktig del i alle planprosessar
- Kommunen har oversikt over nærmiljøområde som treng utbetringstiltak og utarbeider plan for forbetring

Strategiar/vegval

- Innarbeide folkehelse i alle planprosessar i kommunen
- Ha spesiell merksemd på fysisk tilrettelegging og trafikksikring av nærmiljø
- Aktiv involvering og ansvarleggjing av dei som blir berørte av planane

8.1.6 Systematisk og kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Kommunane er etter lovverket pålagt å ha oversikt over helsetilstand og faktorar som påverkar helsa. Eit målretta folkehelsearbeid lokalt tek utgangspunkt i dette. Oversiktsarbeidet skal vera ein del av eit systematisk og kunnskapsbasert folkehelsearbeid, forankra i plansystemet etter plan- og bygningslova. Dei fleste faktorane som påverkar helsa ligg utanfor helsesektoren. Derfor er det nødvendig at forhold som gjeld helse og trivsel blir gjort synlege og tekne omsyn til også i andre sektorar.

Utfordringar

Utarbeiding av oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar er ressurskrevjande. Skal kommunen gjera seg nytte av dette arbeidet, må det organiserast møteplassar for refleksjon og drøftingar av det omfattande talmaterialet. Det er ei utfordring å få implementert oversikta som eit sektorovergripande verktøy, og som ei kjelde og hjelpemiddel i alle planprosessar.

Mål

- Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Vågå kommune er ein del av kontinuerleg vurdering av tenestene og eit verktøy i alle planprosessar

Strategiar/vegval

- Organisere sektorovergripande møteplassar for refleksjonar og vurderingar av årsakssamanhengar og forbetringsarbeid på bakgrunn av helseoversikta

8.1.7 Forpliktande samarbeid mellom heim og skule

Foreldra har stor betydning for barn og unge sitt læringsmiljø. Vi ønskjer eit heilskapleg opplæringstilbod som gjennomsyrast av likeverd, i samarbeid mellom heim og skule/barnehage

Skulen/barnehagen og foreldre skal møte ungane med klare forventingar, ha høgt læringstrykk og klare å samarbeide med kvarandre på ein måte som sett ungen i sentrum, og realiserer målsettinga om tilpassa opplæring. Vi ønskjer å arbeide systematisk med samarbeid mellom heim og skule/barnehage. Med stor grad av medverking og rolleavklaring er det rimeleg å anta at føresette si interesse for skule og skulearbeid i Vågå vil auke.

Utfordringar

Vi ønskjer at alle foreldre skal involvere seg i barna sin opplæring – frå barnehage og gjennom heile grunnskulen. I dag ser vi at mange føresette ikkje deltek i elevane sin skulekvard, i så stor grad som ønskjeleg. Ein veit at der føresette kjenner ein annan godt og samarbeider tett- aukar læringsutbytte til elevane. Vi ønskjer engasjerte og involverte foreldre som har medverknad i barna sin opplæring.

Mål

Vi ønskjer å arbeide systematisk med samarbeid mellom heim og skule/barnehage, og målsettinga er at alle foreldre/føresett i heile Vågå skal involverast og vere deltakande. Foreldre/føresette skal nyttast som den ressursen dei er for elevane si læring.

Vågå skal utvikle forpliktande modellar for samarbeid mellom heim og skule/barnehage som famnar heile grunnskuleløpet.

Strategiar/vegval

- Heilskapleg tenking kring inkludering, deltaking og medverknad
- Etablere foreldrenettverk for alle femåringane i heile Vågå
- Lage ein gjennomgåande modell for foreldreskule for heile opp-læringsløpet, med start for femåringane i barnehagane
- Aktivt nytte årshjulet for elev- og foreldremedverknad
- Sørgje for at KFU blir ein ressurs for alle foreldre og foreldreorgan i kommunen
- Arrangere eit storforeldremøte i løpet av året med temaet samarbeid heim skule

8.1.8 Heilskapeleg menneskesyn med sansebasert læring

Innanfor det heilskapelege menneskesynet ønskjer vi å bygge satsingane rundt fem element og fem arenaer. Dei fem sansebaserte læringsvegane er gjennom kropp, auge, smak/lukt, øyre og handa. Dei fem arenaane er naturen, foto/visuell kunst, mat/smak, musikk og handverkstradisjonar. Desse satsingane skal alle stimulere det heilskapelege mennesket med siktemål å utvikle betre basisdugleikar for elevane.

Utfordringar

Innanfor Vaken og Vågal er dette det mest krevjande område å implementere, særleg i skulane. Det at ein går frå tradisjonell undervisning til bruka av andre læringsarena og metodar stiller store krav til lærarane og skuleleiinga. Dei må få trua på at det gjev verknad. For å lukkast må ein satse målretta på heving av kompetanse innan feltet for at det aktivt skal brukast ute i skular og barnehagar.

Mål

Elevane skal også lære å bruke si kompetanse på ein kreativ måte slik at det gjev dei auka læringsutbytte. Vi ønskjer at alle elevane skal finne sitt talent og sin meitringsarena i Vågå.

Strategiar/vegval

- Vågå kommune vil bruke dei sansebaserte læringsvegane som metode i basisfag for å auke læringsutbytte til elevane. Sansebasert læringsmetodar skal og gjennomsyre barnehagane
- Gjennomføre smaksprosjektet "Arne Brimis smaksskule" i alle barnehagane
- Bruke foto aktivt i skulen
- Samarbeide tett mellom kulturskule og skule
- Styrke den metodiske kompetansen på uteskule og natur- og miljøfag

8.2 NÆRINGSUTVIKLING

Utfordringar

Arbeidsmarknaden i Vågå og regionen er prega av mange små bedrifter innan i hovudsak tradisjonelle næringar som landbruk, bygg, anlegg, reiseliv og varehandel. Kommunane representerer dei største arbeidsplassane. Som andre stader i Distrikts-Norge, har Vågå utfordringar knytt til at menneske med høgare utdanning har færre jobbmoglegheiter her enn i meir sentrale strøk.

Vågå har potensiale for etablering av fleire arbeidsplassar gjennom utvikling og styrking av det eksisterande næringslivet. Vågå og regionen har ein del føresetnader som gjer at det kan vere attraktivt å etablere seg her. Vågå har dei seinare åra opplevd tilflytting av bedrifter/avdelingar i bedrifter, som har gjort seg positive erfaringar når det gjeld tilgang på stabil og kompetent arbeidskraft. Dette må Vågå kommune bruke aktivt i kontakt med potensielle etablerarar.

Det ligg eit stort og truleg unytta potensiale i natur- og kulturbasert næringsutvikling. Kulturbasert nærings-

utvikling er ei raskt veksande næring på verdsbasis, og Vågå har i den samanheng mykje å by på når det gjeld opplevingar knytt til lokal mat, kulturarv og natur. Vidare opnar ny teknologi for at ein del type verksemder er stadvhengige, og i dette ligg det moglegheiter for å skape nye og attraktive arbeidsplassar i Vågå kommune. Skal Vågå oppleve vekst i framtida, må vi klare å bruke lokale fortrinn på nyskapande måtar. Kommunen, saman med organisasjonar og friviljuge, arbeider mellom anna aktivt for å vidareutvikle Ullinsvin som opplevingsenter og for å gjere Edvard Munch si tilknytning til Vågå kjent.

Mange av jobbane som dagens barn og unge skal ha som vaksne, er ikkje skapt enda. Forsking viser at god entreprenørskapsopplæring fordoblar etableringsrata, aukar tilhøyret til heimstaden og motivasjonen for å bli buande/flytte attende til heimstaden. Vidare styrkar det kjennskapen til kva behov og moglegheiter som finst på heimstaden. God entreprenørskapsopplæring kan også bidra til å redusere fråfall og frávær (kjelde: *Ungt entreprenørskap*)

Mål

- Styrke eksisterande bedrifter og utvikling av nye arbeidsplassar
- Skape fleire arbeidsplassar innan kultur- og naturbaserte næringer; område kor Vågå og regionen har kvalitetsmessige fortrinn
- Utvikle ein sterkare gründerkultur i Vågå med fleire innbyggjarar som våger å satse på nye ting og som ser moglegheiter for å etablere eigne arbeidsplassar

Strategiar/vegval

- Ved at Vågå kommune tek ei aktiv rolle og bidreg til å kople bedrifter med verkemiddelapparatet og andre utviklingsmiljø, kan lokalt næringsliv styrke sin posisjon i marknaden
- Gjennom ei aktiv akkvisisjonsrolle kan Vågå kommune bidra til å synleggjere kva kvalitetar og moglegheiter som ligg her og gjennom dette trekkje til seg nye næringsaktørar
- Ei vidareutvikling av det regionale samarbeidet innan næringsutvikling vil vere sentralt i eit slikt arbeid. Akkvisjonsarbeid er tid- og ressurskrevjande, og sjansene for å lukkast er større med forsterka innsats
- Utarbeiding av kommunal reiselivsstrategi for Vågå for 2015-2025: Bruke lokale fortrinn på nyskapande måtar. Utnytte potensialet innan natur- og kulturbasert næringsutvikling gjennom
 - auka grad av synleggjering og tilrettelegging av aktivitetar i naturen og fjellområda i Vågå. Nytte potensialet som ligg i nasjonalparkane
 - å skape nye attraksjonar og tilbod knytt til kunst og kultur, historie, mat, gamle næringer og kulturlandskapet i Vågå
- Nytte moglegheitene som ny teknologi gjev t.d. for verksemder som er stadvhengig, der ny teknologi kan gje moglegheiter for å skape nye og attraktive arbeidsplassar i kommunen
- Vidareføre og styrke entreprenørskapsopplæringa i grunnskulen. Denne satsinga må forankrast både politisk og administrativt. Systematisk entreprenørskapsopplæring er eit langsiktig, strategisk arbeid, der samarbeid mellom Vågå kommune og privat næringsliv er avgjerande for å lukkast
- Styrke samarbeidet mellom skulane (spesielt rådgevingstenesta og ansvarlege for yrkesfagutdanningane) og næringslivet både lokalt og i regionen. Sikre god dialog mellom desse aktørane for å gjere kjent kva behov næringslivet har og for at fagutdanningane i vdg. skule skal bli så relevante og framtidsretta for lokalt næringsliv som mogleg

8.3 STADUTVIKLING

Regjeringa har fastsett nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging, vedteken ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015. Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg særleg vekt på i planlegginga i åra som kjem. Det er prioritert tre område og det er:

- Gode og effektive planprosessar
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde


Dei nasjonale forventningane peiker på at samordna bustad-, areal- og transportplanlegging er særleg viktig i arealplanlegginga for å oppnå attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde. For å få gode og kompakte tettstadsområde må det byggast tett rundt sentrumsområde. Dette gir redusert arealforbruk og transportbehov og styrker grunnlaget for kollektivtransport, sykkel og gange. Alle avgjerder om lokalisering, bustader, infrastruktur og tenester påverkar energiforbruket og utslepp i lang tid framover. For å møte overgangen til lågsleppssamfunnet må ein leggje stor vekt på effektiv arealbruk og på å samordne arealbruken og transportsystemet.

Det blir også peika på at kompakt tettstadutvikling vil bidra til å auke aktiviteten i sentrum, samstundes som korte avstandar mellom bustad og daglege gjeremål gjer kvardagen enklare. For å styrke by- og tettstads-sentera er det viktig at kommunane har ein aktiv og heilskapleg sentrumspolitik. Vågå har peikt ut stadutvikling som er eitt av fire hovudsatsingsområde ved revisjon av kommuneplan.

Konsulentfirmaet Rambøll gjennomførte i 2013 ein stadanalyse for Vågå, som er brukt som underlag for arbeidet med å utvikle og forbetre sentrum i arealdelen og samfunnsdelen. Ein føresetnad for god stadutvikling er at kommunen har fokus på bukvalitet, livskvalitet og nærings- og arbeidsplassutvikling. I sentrum av Vågåmo er det utfordrande å finne nytt areal som er egna for utbygging ettersom staden er omgitt av jordbruksareal, elvar og bratt terreng. Innanfor Vågåmo er det stort potensial for fortetting av areal til bustadformål. Vi har fleire gode døme på område som har blitt fortetta og det er mange einebustader på eigen stor romsleg tomt som kunne ha vore utnytta mykje meir.

Ei utfordring med kommuneplanarbeidet er at fortetting av bustadområde kan vere konfliktfylt og det er difor ønskjeleg at slike fortettingssaker blir initiert av grunneigar. Ved fortetting er det viktig å sikre at det er tilstrekkeleg gode uteareal og trygge løysningar for syklende og gåande for å redusere utbyggingspress mot dyrka mark, natur- og friluftsområder og redusere transportbehovet. Det ligg ein helse- og miljøgevinst i at fleire kan gå eller sykle til daglege gjeremål og aktivitetar.

Vidare er tilrettelegging for universell utforming og tilgjenge for alle viktige prinsipp og uttrykk for samfunnsverdi om likestilling. Vågå kommune ønskjer også å oppretthalde busettinga i grendene og leggje til rette for ein positiv flyttestraum til kommunen. Det er eit mål at kvalitetane og særpreget ved sentrum og grendene skal gjere det attraktivt å bu og drive næring i Vågå.



Figur 8.3.1 Landskapsanalyse Vågåmo (Kjelde: Rapport om stadutvikling i Vågå, Rambøll 2013).

Satsingsområde

- Vågåmo – meir synleg og attraktiv som besøks- og handelsstad
- Detaljhandel skal i hovudsak etablerast innanfor indre sentrumssone av Vågåmo
- Det skal leggast til rette for auka utnyttingsgrad i bustadareala til minimum 40 % BYA og auka utnyttingsgrad av næringsareal til minimum 50 % BYA i Vågåmo
- Attraktive bustadtilbod i og nær Vågåmo sentrum
- Gode møteplassar og grønstruktur for alle i sentrum Framtidsretta løysingar for veg, trafikk og parkering i Vågåmo
- Vågå næringspark og Lalm industriområde – skal vidareutviklast som næringsområde og industriområde
- Byggeskikk – identitet og heilskap

Nedanfor er det ein omtale av kvart satsingsområde om kva som er viktige utfordringar, mål og strategiar/vegval.

8.3.1 Vågåmo – meir synleg og attraktiv som besøks- og handelsstad

Utfordringar

- Sikre at nye tiltak i Vågåmo byggjer opp under utvikling av Vågåmo som eit konsentrert og attraktivt sentrum
- Gjere staden Vågåmo og kvalitetane her meir synlege og å få fleire reisande til å stoppe

Mål

- Vågåmo skal ha eit tett og levande sentrum med mangfald innanfor handel, kultur, tenesteyting, bustad- og fritidstilbod og gode møtestader for både tilreisande og dei som bur i tettstaden eller andre delar av kommunen. Eit velfungerande Vågåmo sentrum med gode sentrums kvalitetar skal vere ein ressurs for grendene
- Innfallsportane til Vågåmo skal skape interesse for staden og få fleire til å stoppe

Strategiar /vegval

- Sikre gode uteareal som ligg til rette for å bli nytta og skapar liv og aktivitet i sentrum. Styrke/halde fast på gatepreget og sikre at bygg har fasade mot veg/gate
- Vurdere moglegheitene for omlokalisering av servicebedrifter for å gje meir sentral lokalisering og auka synlegheit
- I området ved Sundbrua/Smedsmo/Brustugu stimulere til etablering og arealbruk som gjev blikkfang, marknadsfører og skapar interesse for staden og får folk til å stoppe
- Leggje til rette for næringsutvikling ved å sikre tilstrekkeleg næringsareal for framtida, samt stimulere til etablering ved direkte oppfølging av, og samarbeid med, næringslivsaktørar

8.3.2 Attraktive bustadtilbod i og nær Vågåmo sentrum

Utfordringar

- Tilby attraktive bustadtomter og attraktive bu- og omsorgstilbod i/nær sentrum for å ivareta innbyggjarane sine behov
- Ved fortetting sikre kvalitet, der omsyn til miljø, historie, kulturmiljø, estetikk, gode uteareal og funksjonelle behov er ivareteke, noko som er ein føresetnad for god tettstadsutvikling
- Bevare uteareal med tilstrekkelig storleik og kvalitet der folk bur og vektlegge omsynet til barn og unge, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Mål

- Vågåmo skal vere ein attraktiv stad å bu. Fysiske og sosiale kvalitetar ved staden skal bidra til å auke motivasjonen for tilflytting

- Vågå skal ha eit attraktivt og variert bustadtilbod for alle grupper i samfunnet i/nær sentrum med gode bumiljø som fremmer velferd og deltaking utan å byggje på sentrale grønne område i sentrum eller dyrka mark og utan at det har negative konsekvensar for verdifulle natur- eller kulturmiljø eller klima

Strategiar/vegval

- Leggje til rette for å auke tilbodet av attraktive bustader/tomter i sentrum gjennom meir effektiv bruk av areala. Vurdere potensialet som ligg i fortetting opp mot behovet
- Sikre område for framtidig næringsformål i sentrum, og opne for kombinasjon bustad/næring der det ligg til rette for det
- Ved fortetting av areal til bustadformål skal det leggast vekt på å sikring av gode uteareal
- Sikre at ein del av nye bustader blir bygd med livsløpsstandard, dvs. etter krava om tilgjengeleg bueining
- Omsyn til miljø, kulturmiljø, estetikk, tilgjenge og universell utforming skal generelt leggast til grunn i planlegging av omgjevnader og bygningar

8.3.3 Gode møteplassar og grønstruktur for alle i sentrum

Utfordringar


- Leggje til rette for uformelle og sosiale møteplassar for alle grupper i befolkninga
- Leggje til rette for at fleire nyttar nærmiljø og sentrumsnære areal til rekreasjon og fysisk og sosial aktivitet

Mål

- Vågåmo skal ha eit tett og levande sentrum med naturlege og uformelle møteplassar for alle folk i alle aldrar
- Vågå vil leggje til rette for ein aktiv livsstil og auka fysisk aktivitet ved å sikre grønstrukturen i sentrum, knyte saman møteplassar og ha eit godt tilrettelagt stignettverk av høg kvalitet med tilbod for alle

Strategiar/vegval

- Sikre og vidareutvikle viktige møteplassar i sentrum. Viktige plassar er m.a. Moajordet, plassen framfor kommunehuset, området Veistadhjørnet/ Lasaronstolpen, Skiferplassen («Torget»)
- Opparbeide Moajordet til ein attraktiv møteplass for både ungdom, familiar og eldre. Styrke/oppretthalde viktige sikt- og gangaksar mellom møteplassar og grønne område
- Sjå på moglegheitene for å etablere nye «byrom» med høg kvalitet, som t.d. bilfritt gaterom,
- fotgjengarprioritert sone og torgplass i kjerneområdet av sentrum
- Forbetre skilting av turstigar og samanhengar mellom møteplassar og grøntområde i sentrum
- Forbetre skilting til turstigar frå sentrum og ut til større turområde
- Vidareutvikle turstigen langs Vanglandet - Ottaelva – Finna til ein universell utforma sentrumsnær turstig.
- Stimulere til at areala langs Finna framstår som trivselselement i sentrum og at turmoglegheitene langs vassdraget blir nytta



Figur 8.3.3.1: Grovmaska oversikt over eksisterende grønstruktur (Kjelde: Rapport om stadutvikling i Vågå, Rambøll 2013).

8.3.4 Framtidsretta løysingar for veg, trafikk og parkering i Vågåmo

Utfordringar

- Leggje til rette for at fleire vel å gå eller sykle framfor å nytte bil i sentrum, noko som vil bidra til auka fysisk aktivitet og eit meir levande sentrum
- Vågåvegen blir ut frå barnetråkkregistreringar opplevd som trafikkfarleg og som ein barriere

Mål

Vågåmo sentrum skal ha gode, trygge og samanhengande samband for gåande og syklende og universell utforming skal vektleggast.

Strategiar/vegval

- Forbetre skilting til og merking av parkeringsområde i sentrum
- Etablere gangbru over Finna for å binde næringsparken saman med sentrum

8.3.5 Vågå næringspark og Lalm industriområde - vidareutvikle til eit attraktivt næringsområde

Det er viktig for Vågå kommune å til kvar tid ha tilgjengeleg areal for næringsutvikling. Det er ikkje lenger ledig areal i Vågå Næringspark utan at ein må ta av dyrka jord. På industriområdet på Lalm (Kolbotn) er det ledig areal og det er også moglegheiter for å utvide området som er regulert til næringsformål.

Utfordringar

- Vidareutvikle næringsparken i Vågåmo som handels- og næringsområde
- Knytte næringsparken nærare til Vågåmo sentrum
- Unngå at trafikk til næringsparken belastar Vågåvegen gjennom sentrum
- Vidareutvikle industriområdet på Lalm og gjere det meir attraktivt

Mål

Næringsparken i Vågåmo skal vere nært knytt til sentrumskjernen, men for å sikre at Vågåmo blir tett og kompakt bør detaljhandel i hovudsak etablerast innanfor indre sentrumssone av Vågåmo. Industriområdet på Lalm skal vidareutviklast og standaren på området skal oppgraderast. Det skal vere klare retningsliner for hensiktsmessig plassering av ymse verksemdar.

Strategiar/vegval

- Sikre eit konsentrert næringsområde med effektiv bruk av areala der estetikk, tilgang og universell utforming er vektlagt
- Styrke gatepreget og sikre fasadar og inngangsparti mot veg/gate
- Etablere gangbru over Finna for å korte ned gangavstand til kjernen av sentrum

8.3.6 Byggeskikk – identitet og heilskap

Utfordringar

Sikre tilstrekkeleg handlingsrom for bulyst og nyetablering samstundes som lokal byggeskikk blir ivareteke slik at nye tiltak ikkje bidreg til å forvitte heilskapen og staden sin identitet og særpreg.

Mål

Vågå ønskjer å halde på lokal byggeskikk som ein viktig del av stadens identitet og historie samstundes som rammene for utforming av bygg skal gje tilstrekkeleg handlingsrom for bulyst og nyetablering.

Strategiar/vegval

- Vidareføre rammer som sikrar lokal byggeskikk og harmonerer med eksisterande bygningar på staden og omgjevnadene elles
- Vidareføre vektlegging av god dialog mellom kommunen og tiltakshavar for rettleiing og vurdering av moglege løysingar ut frå tiltakshavar sine ønskje og behov
- Bygningar/bygningsmiljø det er knytt verneinteresser til, skal som tidlegare ivaretakast som ein viktig del av Vågå sin identitet


8.4 KLIMA, SAMFUNNSTRYGGELEIK OG BEREDSKAP

Det er eit aukande fokus på beredskap og samfunnstryggleik i dagens samfunn. Det er fleire påminningar dei seinare åra som gjer at folks medvit om beredskap og tryggleik er skjerpa. Det er fleire døme både på klimarelaterte hendingar og menneskelege hendingar dei seinare åra. Det er også døme på at kritisk infrastruktur har svikta og ført til svikt i straum, data og telefoni i større eller mindre delar av landet.

Eit trygt samfunn er ein føresetnad for at innbyggjarane skal trivst der dei bur. Tryggleik kan omfatte både personleg og økonomisk tryggleik, helse, velferd og beredskap i forhold til ulykker og sjukdom. Mykje av tryggleiken og den daglege beredskapen blir tatt i vare av ein god brannberedskap, helseberedskap og ei operativ polititeneste.

For at lokalsamfunnet skal vere robust er det viktig at ein søker å avdekke område med auka risiko. Dette kan gjerast gjennom systematisk og kontinuerleg arbeid med å avdekke risikoområde og førebygge desse, eller kunne sette i verk skadeavgrensande tiltak

Det er også viktig at ein kjenner til eigne og andre sine beredskapsmessige sterke og svake sider gjennom hyppig samhandling med andre offentlege og private samfunnsaktørar. Det er kommunen som må vere pådriver i dette arbeidet.



Figur 8.4.1: Samspel i klimatilpassing og handtering av risiko (kjelde: Spesialrapport TA 2881-2012, FNs klimapanel)

Utfordring


Auka sårbarheit på mange område i samfunnet og endring i trusselbiletet, gjer at ein må ha auka fokus på samfunnstryggleik og beredskap i samfunnsplanlegginga. Spesielt vil det vere utfordringar knytt til klimarelaterte hendingar, informasjons- og kommunikasjonsteknologi og kritisk infrastruktur. Det å avdekke mulige truslar på dei ulike områda vil vere ei utfordring. Ras og flom av ulike typar og dimensjonar ser ut til å bli vanlege hendingar i Vågå. Likeeins blir det viktig å etablere ein kompetent og dynamisk organisasjon. Ein organisasjon som kan ta opp ny kunnskap og nytte denne i beredskapssamanheng.

Mål

- Eit trygt og robust lokalsamfunn
- Arbeide kontinuerlig med å avdekke og følgje opp risikoområde
- Ein kompetent beredskapsorganisasjon med samhandlingsevne med både private (også frivillige) og offentlege aktørar

Strategiar/vegval

- Utarbeide heilskapeleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) ein gong kvar valperiode
- Etablere tverrfaglig styringsgruppe med ansvar for ajourhald av risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) og samordning og koordinering av kommunen sitt beredskapsplanverk
- Utvikle ein effektiv, øvd og operativ beredskapsorganisasjon gjennom målretta øving og opplæring
- Fokusere vidare på samarbeid over kommunegrensene i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap
- Arbeide aktivt for å auke GIS-kompetansen i eigen organisasjon for å identifisere og kartlegge risikoområde, samt nytte GIS-verktøy i beredskapssamanheng
- Vidareutvikle bruk og opplæring av ulike digitale verktøy og informasjonsløysingar for bruk i beredskapssamanheng
- Nytte tilsynnemnda for førbygde elver aktivt i det førebyggjande arbeidet i samband med ekstremnedbør og flom
- Arbeide målretta for å redusere sannsynet for tilsikta menneskelege handlingar og konsekvensar av desse, både i eigen organisasjonen og i samfunnet elles



VÅGÅ
KOMMUNE

www.vaga.kommune.no

Tlf 61 29 36 00